



Vår dato:

03.02.2021

Vår ref:

2020/3806

Dykkar dato:

«REFDATO»

Dykkar ref:

«REF»

«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Kontakt saksbehandlar

Einar Heegaard, 51568872

Lokal/sentral høyring av framlegg til frivillig skogvern - Nag, Strand kommune

Grunneigar for området Nag, gnr./bnr. 41/10 i Strand kommune, Rogaland, har gjort avtale med staten om frivillig vern av skog. Statsforvaltaren i Rogaland sender dermed framlegg til vernegrense og verneforskrift for Nag naturreservat på samordna lokal/sentral høyring. Dette er i samsvar med nasjonale retningslinjer for verneprosessar etter naturmangfaldlova. Frist for å uttala seg til høyringa ver sett til 30. mars 2021.

Bakgrunn

Ved Stortingsmelding nr. 25 (2002-03) slutta Stortinget seg til Regjeringa si innstilling om ei kraftig opptrapping av skogvernet i Noreg. St. meld. Nr. 25 trakk opp viktige prinsipp og satsingsområde for ei opptrapping av vernet. Dette er vidareført og styrka i St. meld. Nr. 14 (2015-16), Natur for livet.

I meldingane blir frivillig vern nemnt som hovudstrategi for det framtidige skogvernet i Noreg. Frivillig vern inneber at skogeigarane sjølv tilbyr staten vern av eige skogkledt areal. Føremålet med ordninga er å verne om eit representativt utval skog for framtida i Noreg, både vanleg og sjeldan/truga skog.

Etter tilbod frå grunneigarane sender Statsforvaltaren i Rogaland med dette ut eit framlegg om å opprette Nag naturreservat.

Opprettinga av vern som naturreservat er heimla i naturmangfaldlova § 34, jf. § 37 og § 62. Føremålet med denne høyringa er å innhente synspunkt og kommentarar til det framlagte verneområdet med tilhøyrande verneforskrift. Miljødirektoratet har gjeve Statsforvaltaren i oppdrag å utarbeide verneframlegg og har hatt det til fagleg gjennomgang før høyring.

Sakshandsaming

I brev av 27. mars 2020 sende AT Skog SA eit tilbodsbrev på vegne av grunneigarane på gnr./bnr. 41/10 i Strand kommune.

Området blei naturypekartlagt i 2018, etter Miljødirektoratet sin instruks, av Solbjørg Engen Torvik ved Ecofact Sørvest AS. For å vurdere tilstanden til naturverdiane og arrondering i tilbodet var



Statsforvaltaren, ved Einar Heegaard og John Inge Johnsen, på eiga synfaring 14. april 2020. I samråd med AT Skog SA blei grunneigar førespurd om å revidere tilbodsgrensa. Det har vore eigarskifte på garden og Tor Martin Norland som ny eigar ønskjer å vidareføre tilbodet om frivillig skogvern på Nag.

Fylkeskommunen har vore i dialog med Statsforvaltaren om prosjektering av ein gang- og sykkelsti på nordsida av fv. 523, for å avklare grense mellom sti-planar og vern.

I samråd med AT Skog SA og Miljødirektoratet om grunnlag for ver neprosessen sendte Statsforvaltaren ut melding om oppstart av frivillig vern av skog 21.12.2020. Statsforvaltaren har motteke åtte merknadar på meldinga om oppstart, og desse er samanfatta i vedlagt notat. Uttalane medførte einskilde justeringar av verneforskrift og vernegrense.

Verneframlegget omfattar nå gnr./bnr. 41/10 i Strand kommune.

Statsforvaltaren vil samanfatte den samordna høyringa, og sende si tilråding til miljødirektoratet. Klima- og miljødepartementet vil så venteleg gje sitt framlegg til kongeleg resolusjon i statsråd.

Naturverdiar

Framlegget til Nag naturreservat ligg på nordsida av Idsefjorden mellom Tau og Jørpeland, og ovanfor fv. 523. Topografisk utgjer arealet ei skogkledt høgde med alt frå svært rik edellauvskog i dei sørvestre liene, til beitemark i sein attgroing med boreale treslag i nord. Området ligg mellom 30 og 215 moh, og dekker om lag 155 dekar. Berggrunnen er delvis fyllt og glimmerskifer og ei anna del gneis. Det er fylltligga som gir opphav til dei rike naturtypane på høg og svært høg bonitet. Plantogeografisk ligg området i boreonemoral sone og høyrar til den klart oseaniske seksjon. Det kystnære klimaet med kombinasjonen milde vintrar og store mengder nedbør er ein viktig faktor for kva artar som trivs her.

Noko av det mest iaugefallande er 18 store eiketre som står innanfor avgrensinga. Med bakgrunn i storlek så passer desse trea som utvald naturtype hol eik, dvs. meir enn 2 m i omkrins eller 90 cm omkrins og hol. Eika står i heile området med unnatak av nord-austre del som er noko fattigare enn resten av areala. I tillegg til dei store eiketrea er det fleire store ask, derav nokre styva individ. Det er eit høgt mangfold av treslag med eik, ask (VU), hassel, svartor, osp, rogn, selje, kristtorn, bjørk, aurevier, bøk, furu og gran, men ein klar dominans av eik særskilt i dei sørvestre skråningane. Markslaget er variert med alt frå sær rik hasselkratt (alm-lind-hasselskog, NT) ned mot fylkesvegen, til kalk-lågurt, og lågurt-eikeskog i den sørvest-vendte skråninga. Lengre nord i skråninga går eikeskogen over i ein alm-ask-hasselskog dominert av ask. Her er det god dimensjon på trea og einskilde ask er styva. Nedanfor skråninga finn me eit mindre areal med rik svartor-sumpskog (VU). Frå dei rikaste partia og opp mot toppen går markslaget gradvis over mot svak lågurt og blåbærmark/bærlyngmark, med lyngmark på dei mest eksponerte stadane. I nordaust er det delar av området som ser ut til å ha vore sterkare prega av avslutta beite. Skogen her er ung førstegenerasjons ein-sjikta skog med boreale treslag.

I dei rikaste partia er vanlege artar markjordbær, kusymre, hassel, lundgrønaks og fingerstorr, i tillegg er myske kjent frå staden. På synfaringa fann me 47 makrolav, og 104 moseartar, deriblant fleire artar som er assosiert med intermediære til rikare substrat, t.d. kamrose, krypsilkmose, musehalemose, rottehalemose, storkransmose, tujamose, trådkjølmose, askkjølmose, tønnebustehette, lungenever, skorpefiltlav, muslinglav, vrenge-arter, grynfiltlav og grynkorkje. Fleire av artane har ei kystnær tilhøyring, så som kysttvebladmose, fjordtvebladmose, tråsåtemose og



stabbesteinmose for å nemnt nokre. Det er jamn tilgang til fuktigkeit og milde vintrar som gir ein rik epifyttflora med særskilt førekommstar av artar i lungenever-samfunnet.

Skogen ber preg av å ha vore nytta til beite og uttak av einskilde stokkar, men likevel er det betydeleg mengd daudved både ståande og liggande. Det er rimeleg kontinuitet i tilstanden av råteved. På stokkar er det merke av hakkespett, og det var eit godt mangfald av småfugl, t.d. gransongar, gjerdesmett, måltrast, svartrast, raudstrupe, kjøttmeis, blåmeis, spettmeis, jernspurv, bokfink, brunsisik, og vendehals.

Føremålet med vern av området er skogsatur i fri utvikling, og dermed ta vare på skogsøkologiske prosessar som kan gi grobotn for høg diversitet, og representera ein særskilt kystnær edellauvsl. Sjølv om området er lite vil det bidra til å fylle manglar i verneporteføljen. Det er ei nasjonal prioritering av rik edellauvskog på høg bonitet i låglandet.

Andre tilhøve

Det er eit mindre innslag av framande bartre i verneområdet.

Verneområdet vil grense til gang- og sykkeltrase på nordsida av fv. 523, og grensa blir lagt inntil «anna veggrunn – grøntareal». Det medføra at areal som kartfesta som «midlertidig bygge- og anleggsmål» vist i plankart blir ein del av vernet.

Praktisk om høyringa

Vedlagt følgjer framlegg til vernegrense på kart, framlegg til verneforskrift for naturreservat, og uttalar til melding om oppstart av verneprosess om Nag naturreservat. Forslag til vernegrense vil også være tilgjengeleg som shape-file gjennom Miljødirektoratet sin naturbase.

Frist for å uttala seg til høyringa vert sett til 30. mars 2021. Eventuelle fråsegn skal sendast til Statsforvaltaren i Rogaland, miljøvernavdelinga, pb. 59, 4001 Stavanger. E-post kan også nyttast: fmropost@fylkesmannen.no.

Med helsing

Per Kristian Austbø
ass. Fylkesmiljøvernsjef

Einar Heegaard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg

- 1 Framlegg til forskrift for Nag naturreservat i Strand kommune
- 2 Framlegg til vernekart for Nag naturreservat i Strand kommune

Adresseliste:



Luftfartstilsynet	Postboks 243	8001	BODØ
MYRBAKKEN SEVERIN	SVENDSTU OPPHUS	2450	RENA
NORSK BOTANISK FORENING	c/o Svein Imsland Gjerdehagen	4027	STAVANGER
AVD. ROGALAND	58		
NORSK FRILUFTSLIV	Nedre Slottsgate 25	0157	OSLO
Norsk Ornitoligisk forening	Skogsbakken 9	4319	SANDNES
avdeling Rogaland			
NORSK SAU OG GEIT	Postboks 104	1431	ÅS
STATSKOG SF	Postboks 63 Sentrum	7801	NAMSOS
NIBIO, Norsk institutt for	pb. 115	1431	ÅS
bioøkonomi			
NORGES IDRETTSFORBUND OG	Postboks 5000	0840	OSLO
OLYMPIISKE OG PARALYMPIISKE			
KOMITÉ			
Norges jeger og fiskerforbund	pb. 94	1378	NESBRU
NORSK ZOOLOGISK FORENING -	c/o Jan Stenløkk Kyrkjeveien 10	4070	RANDABERG
ROGALAND			
NVE Norges vassdrags- og	Postboks 5091 Majorstuen	0301	Oslo
energidirektorat			
STAVANGER TURISTFORENING	Postboks 239 Sentrum	4001	STAVANGER
Strand kommune	Postboks 115	4126	Jørpeland
Rogaland fylkeskommune	Postboks 130	4001	Stavanger
FORUM FOR NATUR OG	Gamle Jåttåvågen 67	4020	STAVANGER
FRILUFTSLIV I ROGALAND			
Kartverket	pb. 600 sentrum	3507	HØNEFOSS
NORGES FJELLSTYRESAMBAND	Stortingsgata 30	0161	OSLO
NORSK BOTANISK FORENING	c/o Naturhistorisk museum	0318	OSLO
	Postboks 1172 Blindern		
Statnett SF	Postboks 4904 Nydalen	0423	OSLO
AT SKOG SA	Postboks 116 Sentrum	3701	SKIEN
Avinor AS	Postboks 150	2061	GARDERMOEN
Klima- og miljødepartementet	Postboks 8013 Dep.	0030	Oslo
Landbruksdirektoratet	Postboks 1450 Vika	0116	OSLO
NATURVERNFORBUNDET I	Postboks 441	4002	STAVANGER
ROGALAND			
NORGES MILJØ- OG	Postboks 5003	1432	ÅS
BIOVITENSKAPELIGE			
UNIVERSITET (NMBU)			
Norges teknisk-	Høgskoleringen 1	7034	TRONDHEIM
naturvitenskapelige universitet			
NTNU			
NORSK BONDE- OG	Akersgata 41	0158	OSLO
SMÅBRUKARLAG			
NORSK ORGANISASJON FOR	c/o Tore B Lundemo Åsløkkveien	1341	SLEPENDEN
TERRENGSYKLING	24		
SPRÅKRÅDET	Postboks 1573 Vika	0118	OSLO
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM
Norges geologiske undersøkelser	pb. 6315 Torgard	7491	TRONDHEIM
(NGU)			
NORSK BYGDETURISME	Postboks 9354 Grønland	0135	OSLO



STATKRAFT SF	Postboks 200 Lilleaker	0216	OSLO
UNIVERSITETET I STAVANGER	Postboks 8600	4036	STAVANGER
Forsvarsbygg	pb. 405 sentrum	0103	OSLO
Norges Bondelag	pb. 9354 Grønland	0135	OSLO
NORGES HANDIKAPFORBUND	Postboks 9217 Grønland	0134	OSLO
Rogaland Bondelag	Postboks 278	4002	Stavanger
DIREKTORATET FOR	Ladebekken 50	7066	TRONDHEIM
MINERALFORVALTNING MED			
BERGMESTEREN FOR SVALBARD			
FORSVARSBYGG	Postboks 405 Sentrum	0103	OSLO
FRILUFTSRÅDENES	Eyvind Lyches vei 23B	1338	SANDVIKA
LANDSFORBUND			
Kommunal- og	Postboks 8112 Dep.	0032	Oslo
moderniseringsdepartementet			
Lyse Elnett AS	Postboks 8124	4069	Stavanger
NINA - Norsk institutt for	Postboks 5685 Torgard	7485	Trondheim
naturforskning			
NORGES	Postboks 5000	0840	OSLO
ORIENTERINGSFORBUND			
NORGES SKOGEIERFORBUND	Postboks 1438 Vika	0115	OSLO
NORSK BIOLOGFORENING (BIO)	Postboks 1066 Blindern	0316	OSLO
STIFTELSE WWF VERDENS	Postboks 6784 St Olavs Plass	0130	OSLO
NATURFOND			
Tor Martin Norland	Ryfylkevegen 1357	4121	Tau
DEN NORSKE TURISTFORENING	Youngstorget 1	0181	OSLO
FORENINGEN SKOGEN	c/o WWF Verdens naturfond	0130	OSLO
	Postboks 6784 St Olavs plass		
NORGES NATURVERNFORBUND	Mariboes gate 8	0183	OSLO
NORSK INDUSTRI	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
ROGALAND BONDE &	v/Stig Arild Helgesen Nesvegen	5567	SKJOLDASTRAUMEN
SMÅBRUKARLAG	106		
RYFYLKE FRILUFTSRÅD	Gamle Jåttåvågen 67	4020	STAVANGER
SABIMA	Mariboes gate 8	0183	OSLO
SKOGSELSKAPET I ROGALAND	Pedersgata 32C	4013	STAVANGER
Statens vegvesen	Postboks 1010 Nordre Ål	2605	LILLEHAMMER